

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Bergen, 12.08.24

Høyringsfråsegn Krossdalen transformatorstasjon

Bergen og Hordaland Turlag (frå her kalla Turlaget) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftslivsorganisasjon med 30 000 medlemmer. Turlaget er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. Nordhordland Turlag er eit lokallag i Turlaget.

Turlaget er takksame for samfunnsoppdraget Statnett utfører – å sikra ei samfunnsøkonomisk utbygging av straumnettet. Turlaget vil også framheva at me er positive til ei rask oppgradering av 300kV-nettet i regionen. Oppgradering av nettet er i praksis gjenbruk av areal, og noko me som organisasjon har tala for i den overordna straumdebatten. Dette kan setjast opp mot bygging av nye linjer, som kan punktere heilt nye område med natur med urørt preg.


Samstundes er turlaget uroa over at naturverdiane taper, bit for bit, når dei vert sett opp i mot andre samfunnsinteresser. Også i denne saka. BHT vil her understreka den samfunnsøkonomiske nytten av å ta vare på og restaurere natur i ei tid då tap av natur, tap av artar, og klimagassutslepp frå arealinngrep peikar seg ut som ei av verdas hovudutfordringar. Naturavtalen må sjåast som ein felles aksept for at me står overfor ei global og lokal naturkrise, der arealinngrep og medfølgande habitatødeleggingar har vore den viktigaste drivaren til naturkrisa. Naturtap er også tap av samfunnsgode, slik som tilgang til gode friluftsområde i folk sine nærmiljø. I Stortingsmelding 18 (2015–2016) er det framheva at kombinasjonen av fysisk aktivitet og naturoppleving er spesielt viktig for den psykiske helsa. Stillheit og utsyn til urørt natur er for mange ein føresetnad for å skapa gode naturopplevingar.

Naturen er også viktig for den norske reiselivsnæringa, noko som vert framheva i Stortingsmelding 19 (2016–2017) *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling».

Bevaring og restaurering av natur har difor ei heilt anna merksemd, aksept og verdi i dag enn for få år sidan. BHT meiner dette må vere ein viktig premiss i all samfunnsplanlegging, i ei tid der me paradoksalt nok opplever eit auka press på naturen.

Natur og friluftslivsverdiane i området

Området der det omsøkte tiltaket er planlagt er eit mykje nytta friluftslivsområde som går i eit terreng som dels er påverka av eksisterande inngrep og som dels framstår som urørt. Her finn ein variasjon frå nærturterreng, via enkle dagsturar, til meir krevjande toppturar og lengre ruter inn i fjellet. Dette er godt skildra i KU.



Utsnitt av området frå UT.no. Linja vert dominerande i eit mykje nytta turområde. Trafoen vert dominerande nede i dalen, og vegbygginga vil direkte påverke eit nærturområde.

Krossdalen transformatorstasjon

Med dette bakteppet skulle turlaget ynskje at det også var utgreia å løyse behovet ein har i dag med å oppgradera koplingsanlegget i Steinsland. Turlaget er av den oppfatning at ein kunne redusert naturinngrepa ved å bygga ny transformator på Steinsland, og slik sett unngått inngrep i

Krossdalen, inkludert massedeponi og ei større vegoppgradering. Krossdalen transformatorstasjon, med kringliggende massedeponi, vil – så langt turlaget klarar å rekne – medføre eit arealinngrep på om lag 7 fotballbanar (52.000m²). I tillegg kjem eit inngrep av tilsvarande karakter frå den omfattande vegbygginga som er planlagt. Det ville vore nyttig for både sakshandsaming og det offentlege ordskiftet å kunne samanlikne naturskade, kostnadar og forsyningstryggleik med og utan transformatorstasjonen i Krossdalen. Me ynskjer at NVE i sitt vedtak gjev ei vurdering om omsøkt løysing er best for dei overordna måla om å avgrense arealinngrep og unngå skadar på naturmangfaldet.

Samstundes håper me NVE ber Statnett revurdere om det er naudsynt med ei vegbygging av den storleiken det er søkt om. Ei redusert vegutbygging vil gje mindre skadar på eit nærfriluftslivsområde, mindre landskapsverknader og mindre massar som ser ut til å kunne påverke vassførekomstane i området.

Turlaget håper også NVE pålegg avbøtande tiltak som sikrar at vassførekomstane ikkje vert forringa, slik Norege er forplikta etter vassdirektivet.

Ny linje mot Steinsland

Eksisterande linje mellom Steinsland og Krossdalen vert no to doble linjer med noko større mastehøgde. Dette medfører større visuell effekt på turområdet her, mellom anna den mykje nytta toppturen «Nåmdalsfjellet». I tillegg vert det fjernverknader på andre stader i Stølsheimen.

Naturmangfaldet vert påverka ved at noko skog må ryddast på dei lågarehengande delane av leidninga.

Turlaget håper ny linjetrasé mellom Krossdalen og Steinsland vert trukke så langt vest som råd for å unngå landskapsverkander ned mot Steinavatnet, samstundes som ein sikrar at traseen ikkje gjev meir hogst av verdifulle naturtypar enn det som er naudsynt.

Oppsummering av våre innspel

Oppsummert meiner Turlaget at:

- Oppgradering av nett og utbygging som føl eksisterande linjetrasear er god praksis, og me er slik sett positive til tiltaket.
- Turlaget saknar ei utgreiing av naturinngrep og kostnader ved å unngå bygging av transformator i Krossdalen og ny linje over fjellet mot Steinsland.
- Turlaget vonar det vert sett trav om avbøtande tiltak for å trygga vasskvaliteten i vassdraga, og for å trygga nærturterrenget kring vegen som skal utbetrast.

Beste helsing

Elisabeth Skage
Styreleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Børge Brundtland
Styreleiar
Nordhordland Turlag

Merete Lien Yndestad
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag